

Per Egil Solli-Mork (Innlevert den 31.05.2023)

For å få opp kalvetilveksten og styrke overlevinga til snøhettastamma er det viktig å betre kondisjonen til dyra. Det er klar korrelasjon mellom vekter på simlene og kalvetilvekst. Det er også klar korrelasjon mellom vekter på kalv og tap til rovdyr. For å få til dette er det flere ting som må betrast.

- Betre tilgangen på beiteressursar. Funksjonelle trekpassasjer må vere til stades. Her er menneskelege og fysiske hinder viktig å redusere og ellers fjerne.
- Moskusturistar og anna ferdsel hindrar tusenårige trekk, t.d. over Hjerkinnplatået. Bruke verkemiddel som reduserer ferdsel.
- Turisthytter og hotell(!) med bussing av turistar inne i sentrale deler av villreinområdet forsterkar tap av beiteområder og funksjonelle trekpassasjar. Snøheim bør fjernast og Snøheimvegen må tilbakeførast til natur.
- Utviklinga på BJORLI bør følgast nøyne. Auka satsing på hyttebygging vil føre til fleire folk i fjellet. Passasjen mellom Gravdalen og BJORLI er sårbar mtp. Beiteområda i NV. Fjelløypa bør leggast om.
- Hundeprøver må leggast til andre fjellområde der ein ikkje kjem i konflikt med villreinen.
- Reetablere trekka mellom aust- og vestområdet. Terskel ved Gåsbu. Få kabelstrek i jord. Sjå på bruken av vegar inn i fjellet.
- Beitetaksering må vurderast.
- Sørge for at gjennomsnittsalderen på stamma blir heva. Det vil redusere det naturlege tapet.
- Folkeopplysning. Arbeide for at villreinen kjem inn i læreplanar i den norske skole.
- Bli meir restriktiv når det gjeld bruken av saltsteinar mtp. smittespreiing mellom husdyr og villrein.
- Samansetninga i nasjonalparkstyra bør vurderast. Politiske vedtak blir ofte gjort utan omsyn til villrein. Politiske næringsinteresser trumfar natur.
- Sjå på bruken av dispensasjon frå §48 i Naturmangfaldlova i nasjonalparken og tilhøyrande verneområde. Det har blitt etablert ein uheldig praksis som ikkje alltid tek omsyn til verneformålet for nasjonalparken.